



Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 09.11.2020

Vår ref: 20/04158-3

Dykkar ref:

Høyringsvar Møre bispedømmeråd - Valgordning for valg av prest og lek kirkelig tilsatt

Møre bispedømmeråd gjorde dette vedtaket i møte 2. november. Saksutgreiinga som låg til grunn for vedtaket er referert nedst i dokumentet.

69/20 Høyring: Valordning for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2020-2023	02.11.2020	69/20

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd går inn for at val av prest og lek tilsett til bispedømmerådet blir endra frå preferanseval til fleirtalsval.

Møtebehandling

Saksordførar: Evy Sisilie Bergem

Votering

1 stemmer mot

9 stemmer for

Møre bispedømmeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd går inn for at val av prest og lek tilsett til bispedømmerådet blir endra frå preferanseval til fleirtalsval.

Saksorientering

Val til bispedømeråd skjer gjennom 3 separate val. Val av prest og lek tilsett til bispedømerådet skjer parallelt med val av leke medlemmer til rådet.

Vala som gir tilsette representasjon i rådet blir for begge grupper organisert gjennom ein nominasjonskomite som etter nominasjonsprosess set opp valliste. For prestane og dei lek tilsette har valet ved dei siste val vore organisert som preferanseval. Vallista har hatt 5 kandidatar og veljarane har valt ved å nummerere lista frå 1 – 5.

Når kyrkjerådet no sender valordninga ut på høyring, er det ikkje for å fremje forslag om å endre førearbeidet til desse vala eller sjølve nominasjonsprosessen. Kyrkjerådet ønskjer ikkje lenger å gjennomføre valet som eit preferanseval, men som fleirtalsval. For veljaren betyr omlegginga lite. I staden for å setje opp kandidatar i prioritert rekkefølge frå 1 – 5, kryssar ein i staden av for den personen ein vil velje som kandidat. Den kandidat som får flest stemmer blir valt, og kandidaten med nest flest stemmer blir vararepresentant.

Gjennomføring av preferanseval i 2019

Høyringsnotatet legg preferansevalet sin utfordrande oppteljingsmetode til grunn for framlegget om å endre valordninga. Ved sist val kan administrasjonen stadfeste at oppteljingsarbeidet til val av prest og lek tilsett var svært utfordrande, og sjølv med gode ressursar til å utføra arbeidet, laut administrasjonen konsultere kyrkjerådet undervegs i oppteljinga. Oppteljinga kravde manuell registrering av 1.stemmer, 2.stemmer, 3.stemmer, 4.stemmer og 5.stemmer, og gav mange høve til å summere feil. Dette skjedde undervegs også ved oppteljing i Møre, men blei heldigvis oppdaga i tide og retta før valresultatet blei gjort offentleg.

Så lenge oppteljingsarbeidet lyt skjer gjennom exel-skjema og ved manuell registrering, bør det vere gode grunnar for å vidareføre valordninga. Om det kan utviklast dataverktøy som automatiserer og gir meir nøyaktig oppteljing, kan valordninga vidareførast dersom ein vurderer at ordninga er meir rettferdig enn ordning med fleirtalsval.

Valresultatet i 2019

I 2019 blei det gitt 2475 stemmer ved val til lek tilsett. Ved valet til prest blei det gitt 972 stemmer. Når det skal gjennomførast to val i kvart bispedøme og ein skal velgje inn 22 kandidatar, viste det seg at resultatet i 4 av vala ville blitt annleis om valet hadde blitt gjennomført som fleirtalsval. I noko under 20% av vala ville valresultatet blitt annleis. Altså, om kandidaten med flest 1.stemmer hadde blitt valt, så ville 4 av 22 val fått anna resultat. Det er altså summen av 1.- 2.- 3.- 4.- og 5.-stemmer som ved preferanseval kan føre til anna resultat enn ved reint fleirtalsval.

Kva er best – preferanseval eller fleirtalsval

Når ein har valt preferanseval som valordning ved dei siste vala, er det rimeleg å tru at ein har ei oppfatning av denne ordninga er mest rettferdig. Særleg kan preferanseval forsvarast for å sikra at kandidaten med breiast støtte blir valt, framfor kandidaten med flest førstestemmer. Ein kan likevel innvende at sidan ein berre skal velje ein kandidat ved valet, så vil gjennomføring av fleirtalsval og oppteljing av 1.stemmene gi eit meir rettferdig valresultat. Når ein no ber høyringsinnstansane om uttale, er likevel ikkje utgangspunktet at ein skal vurdere kva ordning som er best/mest rettferdig. En ber om at høyringsinnstansen går inn for å gjennomføre fleirtalsval, sidan den valtekniske gjennomføringa av valet er mykje enklare enn ved preferanseval.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdir.

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavd.

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kirkerådet

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO